
NOTAT

Til:

Styringsgruppa for kommunereform
Granvin herad

Frå:

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann
Rådmannen

Dok.dato: 14.01.2015**SaksID-dok.nr.:** 14/262-26

REFERAT FRÅ STYRINGSGRUPPA I GRANVIN 12.1.2015

Det vises til HS sak 70/14 om organisering av kommunestrukturarbeidet i Granvin.

Det blei halde fyrste møte i styringsgruppa i Granvin:

Til stades:

Ingebjørg Winjum
Atle Seim
Martin Hamre
Lars Bjarte Røystrand
Marianne Espeland

Trude H. Letnes, skrivar

Forfall:

Randi Kalsaas

Sak 01/15 Informasjon

Det blei gitt litt informasjon om framdrift og opplegg for kommunereformarbeidet mellom Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin.

Sak 02/15 Planlegging av arbeidet til gruppa

Gruppa ynskjer å utarbeida ein framdriftsplan der møta blir kopla opp mot møte i ordførarkollegiet (Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin) sine møte. Styringsgruppa sine møte kan koma i forkant eller i etterkant av desse. Ordførar kan elles kalla inn ved behov.

Framdriftsplanen bør i tillegg til møtedato innehalda tema som bør drøftast og løftast vidare inn til ordførarkollegiet. Styringsgruppa ynskjer ei framdriftsplan som avsluttar fyrste fase innan utgangen av februar 2016 då ein ynskjer ei avklaring frå dei andre kommunane innan den tid.

Grappa ynskjer å utarbeida ein SWOT (Styrker og svakheiter, moglegheiter og utfordringar) analyse av Granvin.

Sak 03/15 Møteoffentlegheit

Heradsstyret kan etter kommunelova § 31 nr. 5 vedta å lukke møter i andre folkevalde organ, når desse organa ikkje gjer vedtak i saka. Vidare er det slik at dersom det som kjem fram i møtet ville vore unntatt offentlegheit i fylgje offentleglova, så kan ein lukke møtet.

Styringsgruppa sine diskusjonar kan etter denne lova sin § 14 definerast som organinterne dokument meint til eigen intern saksførebuing.

Dette er vanskelege avvegingar av di ein på eine sida vil ha behov for å lufta idear og tenke høgt, medan ein på andre sida vil kunne si att offentlegheita vil ha ein generell interesse i dei diskusjonane som føregår i gruppa. Ein vil ta ei avgjer på dette på eit seinare tidspunkt.

Neste møte er sett til 19.1.15 etter samlinga i Kinsarvik.